

Fjellhaugen stengt og Ulvanåso-tur avlyst**05.04.2009**

Det vondre veret palmesundag hadde konsekvensar for dei ski- og turlade. Fjellhaugen Skisenter måtte halda stengt og den klassiske turen til Ulvanåso måtte avlysast.

Skisenteret opnar att måndag hvis dei relativt positive varsla held.

Dei går ut på at det skal verta halvskya og sol og sju plussgrader midt på dagen.

Når det gjeld Nåso-turen ser ikkje turleiar Sigve Solheim i Kvinnherad Turlag bort i frå at det kan bli gjort ein ny freistnad på å avvikla han over påske. Det er i alle fall snø nok i fleire veker, og det er enno nokre helgar til disposisjon.